



Fjell kommune  
Postboks 184  
5342 STRAUME

Dato: 19.11.2015  
Vår ref.: 2015/10285-4  
Saksbehandlar: heihand  
Dykkar ref.:

## **fv 561 Kolltveit - Ågotnes - oversending av kostnadsoverslag arkeologisk registrering**

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan ny fv 561 Kolltveit-Ågotnes i Fjell kommune, datert 08.10.15, samt vår uttale til planoppstart datert 17.11.15. I nemnte brev varsla vi at det er naudsynt med ei arkeologisk registrering i planområdet med heimel i §§ 9 og 10 i kulturminnelova for å ta stilling til planen sin verknad på automatisk freda kulturminne. Vedlagt er kostnadsoverslag for registrering.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein føremon for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jfr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Dersom det er ynskjeleg med ei arkeologisk undersøking før planen kjem til offentleg ettersyn, ber vi om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med signatur frå ansvarleg tiltakshavar, samt informasjon om fakturaadresse og organisasjonsnummer/personnummer.

Budsjettet tek høgde for nye funn av automatisk freda kulturminne og tid til naudsynt avgrensing, dokumentasjon, og etterarbeid. Dersom funnmengda skulle vise seg å overstige estimert arbeidsomfang, vil vi gi melding om dette så snart som råd. Vi gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre blir fakturert for medgått tid.

Arkeologiske registreringar er lettast gjennomførbare i sommarhalvåret. Registreringa vil i dette tilfellet blir utført ved overflateregistrering og prøvestikking med spade. Dersom det føreligg meir detaljerte teikningar/skisser over planlagt arealbruk i planen, ber vi om å få desse tilsendt slik at vi kan ta stilling til metodisk tilnærming i dei ulike delane av planområdet.

Vi gjer merksam på at dersom § 9-registrering skulle påvise automatisk freda kulturminne i konflikt med arealføremål i planen, må denne reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren for dispensasjonshandsaming etter kulturminnelova. Dispensasjonshandsaming føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Vi viser elles til vårt brev datert 17.11.15 for øvrige innspel til planarbeidet.

Med helsing

Elisabeth Bjørsvik  
fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens vegvesen - Region Vest

Vedlegg: Kostnadsoverslag arkeologisk registrering